



Årsmøtepapir fylkesårsmøtet 23.mars 2020

Til sak nr. 6 Innkomne saker

Forslag frå fylkesstyret:

Fylkesstyret visar til Vedtektene for fylkeslaget § 4 underpunkt 2 der det står at årsmøtet skal *«fastsette fordelingen av kontingent mellom fylkes- og lokallag hvis fordelingen som gjelder etter vedtak på tidligere årsmøte skal endres»*.

Arendal lokallag har no i fleire år vore einaste lokallaget som oppfyller dei tidlegare årsmøte-vedtatte aktivitetskrava til å få overført kontingentandel frå fylkeslaget. Lokallaget har pr dato ein romsleg og grei økonomi.

Fylkesstyret foreslår derfor at fylkesårsmøtet med verknad frå 2020 skal vedta å avslutte den tidlegare årsmøtevedtatte ordninga med kontingentfordeling frå fylkeslaget til lokallag.

Med verknad frå 2020 gjeld følgjande:

Lokallag som ikkje sjøl har økonomi til å dekke utgifter knytta til aktivitetar i lokallaget, blir oppmoda til å søke fylkesstyret om naudsynte tilskot.

Medlemmar eller kontaktpersonar som vil ta initiativ til aktivitet for Nei til EU i kommunar der lokallaget er passivt, blir også oppmoda til å søke fylkesstyret om naudsynt økonomisk støtte til dekking av slike utgifter.

Fylkesstyret skal prioritere å støtte slik lokal aktivitet, slik fylkesstyret alltid tidlegare har gjort heilt sidan fylkeslaget blei stifta i 1990